

Gutane
på tur

Vi køyrer Atlantehavsvegen for å ete middag på Bjartmars favorittkro



Det er ein tur som lenge har vore på lista over ting vi ville sjå og oppleve når vi hadde høve: Atlantehavsvegen. Og no var tida endeleg mogen. Så då var det berre å pakke snipp-øskja vår og gje oss vegen i vald.

Eit naturleg mål på vegen var Bjartmars Favorittkro.

Ein plan blir til / Kjenner du

ikkje Bjartmars Favorittkro seier du? Vel, no skal du høyre. Det heile byrja med at vi endeleg skulle ut på ein av våre lenge planlagde turar: Å køyre Atlantehavsvegen.

Når Tore så skulle lade GPS'en med ei adresse som endepunkt på Averøya, like ved vendepunktet vårt Kristiansund, var Bjartmar og favorittkroa hans det første som dukka opp. Det ligg omtrent akkurat nøyaktig der Atlantehavsvegen går i land att. Næraste nabo med storhavet med andre ord.

Tore fall pladask: – Der skal vi ete, og dermed basta. Vi fabulerte om



klassiske vegkroetter og hausa dette opp til den ultimate vegkroa: Fylt med panert raudspette, hamburgermenyar, lasagne, snitzel og andre slike klassiske rettar. Vi hadde fått eit mål i målet: Bli betre kjent med Bjartmars Favorittkro.

Ut på tur / Og med planen ferdig, bilen lasta til randen med musikk, kamera, laptop og godt humør var det berre å setje i gang. Til fantastisk ver. Og vi som hadde fått ein bil med panoramaglastak, i så godt som bilens fulle lengde. Noko som gav bange aningar til tynnhåra journalistar. Sist

enda det med ein supersolbrent skalle, og innkjøp av caps i Skjolden. Men, i følgje dei som sel Nissan i Førde skulle dette taket filtrere vekk all styggedom som svir skalle.

Dagen byrjar for øvrig tidleg nok. Kor tidleg?

Så tidleg at vi akkurat rekk å sjå sola stige over horisonten, eller fjella i alle fall sidan vi er i Førde, i det vi rullar ut av folketomme gater.

Nesten tomme. Berre ein og anna russ er å sjå, liggande i rundkøyringa, som eit synleg prov på at ungdommen faktisk blir slakkare med åra. For dei har pina deg investert i oppblåsbar madrass, av den typen som er

førti-femti cm høg. Her bør det stramast inn på knutereglar neste år gitt.

Klokka 05.45 var vi på veg ut or sentrum i Førde.

Ut på tur... igjen / Og klokka 05.50 returnerte vi. For å hente reiseruta vår, som hadde tilbrakt litt ekstra tid på kontoret i einsam majestet.

Og klokka 06.00 er vi tilbake på vegen igjen. Til lyden av ein kraftfull fiasko. Den vesle fadesen med gløynde papir fører til følgjande skrekkscenario: Vi hadde sikta oss inn på første ferje, til lita nytte.

Vi kjem til å bomme på vår første ferje nokon sinne. For med to

nypressa prikkar på førarkortet frå førre tur, som førte totalen opp i fire slike svarte spor på førarkortet, føler ikkje sjåfor Fossen at tida er mogen for å presse på maskina for å slå ferjetabellane.

Bilen har sjølv sagt ein innebygd GPS. Men problemet er at han meiner det er 566 km til Ålesund. Det orkar vi ikkje, så vi finn fram vår eigen. Den er noko meir medgjærleg, og gjev oss ein kurs vi kan nå fram med i dag.



På veg mot fiasko / Vel, nok om det. Vi legg friskt i veg. Første etappe skal ta oss til Ålesund.

Med ei munter morgonsol, som skin rakt ned i bilen gjennom det enorme takvindaug, må spørsmålet stillast: Har veret nokon sinne vore finare på tur? Eg tvilar. Jølstravatnet ligg som ein taus spegel og blenkjer.

I rundkøyringa på Skei insisterer GPS'en på at vi skal til høgre. Vi blånektar, men den gjev seg ikkje. Fossen må rett og slett trykke inn destinasjonen på nytt for å bli kvitt den standhaftige dama.

Byrkjelo er eit av to knutepunkt for oss i dag. Der skiljast vegane på opp- og nedturen vår.

Litt for seint i høve planen trillar vi inn til Anda. For seint, eller for



TRØYTT / Det er tidleg morgon, og på ferja mellom Anda og Lote vert dagens frukost inntekten. Baguettar med ost og skinke, kaffi i Fjord1-pappkrus og Cola light (til Sunde).
 MIMRAR / Roy har funne fram til stampuben sin i Volda under journalistutdanninga si. «Det grønne treet» vekte mange minne – både gode og dårlege.
 NYNORSK / Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda kan vere verd eit besøk om du tek turen til nabofylket vårt.
 FOR HANDLEKÅTE / Handelsbydelen Moa utanfor Ålesund har det aller meste av varer å tilby kjøpeglade møringar – og tilreisande.
 VAKKER BY / Ålesund sett frå terrassen til Fjellstua. Ein vakker by, men det var lite som vitna om at dei dagen i førevegen hadde slått Forde ut av cupen.

tidleg. Det er det filosofiske spørsmålet som melder seg når ferja ligg trygt forankra på feil side. Vi veit svaret.

Sunnmøre / Like før åtte om morgonen seier vi takk og farvel til heimfylket. Fem minutt etter er vi djupare inne i Møre og Romsdal enn vi har vore på tur før. Bjørkedalen er det lengste vi har vore med bil tidlegare.

Dagens andre ferje står for tur frå Folkestad. Vi kan konstatere at vi er tilbake i rute, bokstaveleg talt. For vi rullar rett om bord i ferja, som tøffar ut frå leiet tre minutt seinare.

For ein gamal Volda-student er det rein nostalgi å stå på soldekket til ferja i vår sola, og skode over mot gamle tomter. Fossen gjev meg fem minutt til å gå i egne fotefar, og blir løna med ein kjapp guide til Volda sitt studentliv. Men «Ut på tur» handlar ikkje om å gå opp kjente vegar, det handlar om å sjå nye stadar og prøve nye ting. Fem minutt er alt vi brukar på nostalgi, så er det ut på veggen att.

Vi stoggar ein kjapp tur på Ivar Aasen-tunet, i Hovdebygda. Dei er nemleg ikkje alltid like einige i Ørsta-Volda om kva som skal vere kor, då er det kjekt å ha Hovdebygda. Der alt hamna ei stund: Flyplass, vinmonopol og Ivar Aasen blant anna. Men polet er i alle fall flytta. Det ligg no i Ørsta.

Eikesundsambandet / Ein annan ting som ligg i Hovdebygda er eit av dei dei største vegprosjekta i regionen, Eikesundsambandet. Eller det startar i alle fall her. Knapt tre månadar gamalt har det gjeve 22.000 menneske på øykommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid ferjefri tilkomst til fastlandet. Og samstundes knytt dei tettare saman med Ørsta/Volda og resten av regionen.

Etter nokre minutt køyring kjem vil til bommen som markerer at her skal du ned under havet, og vi stupar rett i det. Eit lite stykke inn blir vi møtt med to blå strekar som markerer havflata. Tunnelen gjer ingen teikn til å stogge. Den et seg ned i

grunnen, til vi har vitna ein verdsrekord. For dette er verdas djupaste vegtunnel, med sine 287,32 meter under havet. Herlegdommen kostar nesten ein milliard kroner, 970 millionar rekna om til dagens pengeverdi. Vel ute i sola er det berre å gjere vandreise. Tida er knapp nok i dag.

På andre sida ligg Ørsta og blenker under snøkvite Sunnmørsalpar, som startar her i distriktet. Eit fri-luftseldorado for dei som likar slikt.

Ålesund / Veggen mellom Ørsta og Ålesund er ein rein transportetappe. Fjella er litt høgare og kvassare enn kva ein er vande med heimafrå, men ikkje så mykje at dei bremsar oss nemneverdige for å kike litt ekstra.

Vi kjem til Festøy-Solavåg i god tid til å rekke ferje nummer tre. Som forventa. Ei svale gjer ingen sommar, ein ferjebom rokkar ikkje trua på flaksen vår. Turen over blir delvis brukt til obligatorisk svele, og delvis på soldekk for å sjå på naturen. Vel i land

siktar vi på Moa. Handelsgigant nummer ein på desse kantar, og alle damers drøymemål på tur i Sunnmøre. Og nokre menn sitt store mareritt.

Like før klokka elleve kan vi endeleg sjå Ålesund i kvitauget. Etter knappe fem timar. Men så skal det seiest at vi har sulla bra også då, i alle fall i høve ein direkte tur utan pause.

Ein kjapp tur gjennom gatene er stort

sett alt vi har tid til, for å sikre oss nokre maritime blinkskot av jugendbyen. Dessverre, for både natur og arkitektur er spesielt og vakkert. Og du kan nesten ikkje tenke deg Ålesund utan å tenke hav og fiske.

Om vi ikkje har tid til å sjå alt dei har å by på, må vi i alle fall ha mat. Og kvifor ikkje kombinere?

Vi legg turen opp om Fjellstua, på fjellnabben over Ålesund.

Der får du både mat og sinnsjuk utsikt over både Ålesund, øyane utanfor og havet som kransar på eine sida, og fjella på andre.

Rett og slett ein fantastisk stad å tilbringe ein halvtime med vakkert vårvær.

Og et ei fortrefleleg fiskesuppe. God service var det også. Vi får suppa til tross for at serveringa av varm mat ikkje er opna. Kokken spring ut



på kjøkkenet for å få ting i gang for svoltne sunnfjordingar.

Molde / Etter ein knapp time i Ålesund legg vi på jakt etter Eide. Med ny GPS i sving den siste tida har brått den gamle kvikna til at. No fortel den oss både kor vi skal og kor langt det er, med korrekt informasjon. Trugsmål om å miste jobben ser ut til å virke. Veggen frå Ålesund til Vestnes, der ferja legg over til Molde, er nok ei transportetappe.

Berre Sjøholt bryt monotonien av natur og spreidd busetnad.

Vi kjem til Vestnes ferjekai til synet av ferja som er på veg inn. Sjølv sagt.

Vestnes-Molde er blant dei lengste ferjeturane du kan ta her i distriktet. Garantert. Romsdalsfjorden er utruleg brei. Ferja tek gode 35 minuttar over. Men kombinasjonen av dei alpine fjella vi legg bak oss og sola gjer det til ein flott oppleving, trygt forankra på soldekket.

Målet / Vi legg kursen mot Eide og

SEILET / Frå Rica Seilet Hotell i Molde har du nydeleg utsikt over Romsdalsalpane med 222 fjelltoppar.

TIL MINNE / Bauta til minne om dei som drog ut på havet, og aldri kom att.

FASCINERANDE / Atlanterhavsvegen er absolutt verd å køyre. Den vart av det norske folk kåra til århundrets byggverk i 2005.

SKIPSVRAK / Det finst så ymse å sjå langsetter Atlanterhavsvegen. Mellom anna skipsvrak i Hustadvika.

FAVORITTKRO / Målet for reisa, Bjartmars Favorittkro, der vi skulle ete middag. Men den gong ei...

PROV / Fjord1 MRF sitt billettsystem er litt ulikt det vi er vane med her i fylket. Prov på betaling leverer ein frå seg ved ilandkøyring.



vårt mål for turen: Atlanterhavsvegen. Etter nok ein transportetappe varslar Eide oss om at vi nærmar oss, og det stygt. Og brått dukkar Atlanterhavsvegen opp til høgre i ruta, nokre kilometer unna. Det tok oss nesten ni timar, men vi kom fram til slutt.

Og for ein visuell fest dette vesle vegstykket er. 8,3 kilometer med hav på eine sida og skjergarden på andre, som knyt saman Averøy og fastlandet. Det kjennast nesten ut som å køyre båt: Ei blanding av båt og berg og dalbane. På eine sida krøllar storhavet seg ned i horisonten, på andre sida ligg ein havarert båt og varslar om kreftene som rår her ute i havgapet. Hustadvika er og ein kjend skipskyrkjegard.

Den eine brua er rett og slett eit kunstverk, som bringer oss godt opp over havflata for utsyn. Rett og slett ei fantastisk utforma bru. Den fluktar med fjellet bak, som ein menneskeskapt veslebror.

Å køyre langs vegen gjev ei absurd kjensle: Ein veg midt i havet. Og ei intens naturoppleving. Som jo eigent-

leg burde opplevast med vind og sjøsprøyt i håret. Ikkje på ein overjordisk vakker soldag. Men vi klagar jo ikkje. Og så har vi ei unnskylding til å ta turen igjen, når vèrgudane er litt mindre blide. Dei som bygde brua, frå 1986 til 1989, fekk oppleve ikkje mindre enn tolv orkanar. Så det er kanskje best å vere forsiktig med kva ein ynskjer seg?

Skeptikarane trudde aldri det kom til å løne seg å finansiere vegen med bompengar. Men dei tok skammeleg feil. Vegen betalte seg ned på ti år, i 1999. Fem år før skjema. 295.000 bilar køyrde vegstykket i fjor, det gjer vegen til den sjettemest besøkte attraksjonen i Norge.

Den snart 20 år gamle vegen vart i 2005 også kåra til «Århundrets byggverk i Norge», med suveren margin til neste på lista.

Og like brått som den dukka opp etterlet vi den i andre enden.

Bjartmar er ikkje til stades / Å køyre på måfå utan research gjev ein ekstra spiss på opplevinga. Av og

til i alle fall. Og av og til knuser det nesten livsgleda ut av deg. Som når Fossen etter temmeleg nøyaktig ni og ein halv time bak seg i bil finn yndlingskroa til Bjartmar. Og på brutalt vis lærer av den stengte døra at den berre har ope fem dagar i veka. Måndag og tysdag er det rett og slett stengt.

Giss kva dag vi reiste på? Ganske riktig, tysdag.

Tore er bortimot utrøysteleg. Han hadde gleda seg til å få svar på kva som fanst på menyen. Og kven Bjartmar var. Berre spørsmålet om korleis kroa ser ut står får vi svar på. Og det svaret er følgjande: Heilt annleis enn vi trudde, overhovudet ikkje som ei vegkro i alle fall. Eller noko kro elles. Eit diskret og elegant bygg, med terrasse og uteservering, med utsyn lukt i havgapet utanfor.

Humøret held seg lågt hos Fossen heilt til vi kjem til ferjeleie nummer fem for dagen. Som vanleg til duk og dekk bord. Berre å trille om bord med eit smil. 10 timar etter vi reiste frå Førde, for andre gang, kan vi fyre

i gang vogna og køyre i land i Kristiansund.

Ei god reserveløysing / Vi er på overtid etter ein bit mat, og Fossen har innhenta informasjon. Ein stad like i nærleiken av oss skal det finnast ein restaurant som heiter Smia. Spesialist på fiskerettar, og ikkje minst bacalao. Det vil vi ha. Fossen meiner å vite sånn omtrent kor vi skal, og at det slett ikkje er langt. Så vi legg i veg. Han har jakke, eg har berre T-skjorte. Sola varmar godt, men det blir fort slutt på det. For i Kristiansund, mykje som andre kystbyar, er det ein fin, frisk vind som syt føre at sola ikkje overopphetar. Til å byrje med er det berre godt, friskt og oppkvikkande etter ein lang biltur. Men etter ei tid byrjar eg å fryse. Dugeleg og.

Og vegen blir stadig lenger. Utan at Smia dukkar opp. Etter noko som kjennast som bort i mot for alltid, i motsetnad til armene mine som eg ikkje kjenner lenger, spør vi etter vegen. Og når fram etter eit par

minutt. Eg er så blåfrosen og svolten at eg vurderer å gå laus på hermetikken dei har pynta hylla ved sidan av bordet på. Ok, eg overdriv litt for dramaturgiens del. Men det var kaldt altså. Ni grader og stiv motvind er ikkje noko særleg å tusle rundt i med tynne klede.

Men så fort maten var på bordet var alt gløymt. Dei tulla ikkje dei som anbefalte oss Smia. Til forrett fekk vi kamskjel og kongereker på gulrotpure, som smakte nydeleg saman med godt brød og smør. Til hovudrett valde vi gratinert bacalao. Den smakte også nydeleg. Og med eit vakse ostelok på toppen, metta den dugeleg.

Maten var vel verdt å fryse seg gjennom vindfulle gater med svolten gnagande for. Turen tilbake til bilen gjekk i ein rus av mett velbehag. Og jammen meg

trur eg nokon hadde korta ned distansen mellom oss og bilen medan vi åt, for det var ikkje på langt nær så kaldt eller langt. Smia eller Bjartmars favorittkro? Vi anar ikkje. Men vi hadde nok ete bacalao der også. Så vi får gjere opp dom ved neste krossveg.

Heim igjen / Vi valde den ferjefrie vegen ut av Kristiansund. For avvekslinga sin del og for å sleppe å køyre same veg to gongar. Krifast-sambandet kronar inntrykket av at i Møre og Romsdal, der har dei god greie på kommunikasjon og samferdsle. Og neste år kjem Atlanterhavstunnelen, som gjer sambandet Averøya-Kristiansund ferjefritt. Og etter det kjem tunnelsamband mellom Volda og Hornindal, som skal bli den nye stamvegen og eit bidrag til ferjefri veg mellom Sunnmøre og Austlandet.



framme må vi berre innsjå at til Geiranger, der skal vi rett og slett ikkje i dag. For Geiranger-Grotli er stengt. Så då må det bli Stranda likevel. Kanskje GPS'en visste noko vi ikkje viste? Sjølsagt bommar vi med 13 minutt på ferja til Stranda. Vi er ute av form. Brått bommar vi på to av sju ferjer. Kva er dette? Greitt nok at vi ikkje skulle hit, men bom er bom. Langt om lenge, og lenger enn som så, dvs omtrent 30 minutt seinare tuslar endeleg ferja til kai, et oss opp og spyttar oss ut i pizzaland. Det bryt straks ut krig mellom den innebygde og den innhenta GPS'en. Den eine meiner det er 3 timar og 24 minutt til vi er heime, den andre lovar oss heim på nesten en time mindre. Så vi stolar på den siste.

Ein kjapp tur innom for å knipse et billete av Grandiosaens fødestad, så er det rake vegen heim. Trøytt vegfarande let seg sikkert ofte lokke til Hotell Union i Øye, som lokkar og flottar seg på eit skilt, men ikkje oss i dag. Sjølv om det berre er ein ynkeleg omveg på 17 km kvar veg. Men nok

SNUPLASS / Kristiansund. Hit, men ikkje lenger nordover for gutane på tur denne gongen. Fint ver, men kald vind hindra oss i å nyte uterestaurantane.

BACALAO / Dagens middag vert innteke på den sjarmerande restauranten Smia i Kristiansund. Og frå ein rikholdig meny valde vi sjølvsagt bacalao.

PIZZALAND / Det er blitt kveld då vi kjem til Stranda, Grandiosaens heimland.



SNUPLASS



BACALAO

er nok. Vi siktar oss hardt inn mot Stryn og vegen heim.

På heimebane / Hornindal er eit kjært syn når du har vore lenge på vegen. Faktisk har det blitt 17 timar etter kvart. Samtalen stilar meir og meir av. Musikken får rå utan at vi føler for å seie så mykje meir. Stryn kjem og går bak oss og så kjem dei som perler på ei snor innover. Loen, Olden, Innvik og Utvik. Og Utvikfjellet. Mykje å sjå på for den med tid: Anten ein føler behovet for å shoppe klede, få spabehandling kose, seg med god mat og bading eller naturopplevingar, anten det er berre å sjå eller gå tur.

Det er ikkje utan grunn til at det flokkar seg turistar inst i Nordfjord, men for oss må det bli ein anna dag.

No er det heim som tel. Sjølv om Alexandra er enno meir freistande enn Union der det ligg i vegkanten og lokkar med mat og ei seng, noko som hadde vore topp akkurat no. Boblebad i morgon tidleg også. Men det må vente. Det einaste som står i hovudet no er å gå gjennom lista over tettstader: og den sluttar med Byrkjelo, Skei, Vassenden og Førde. Etter 13 timar og 45 minutt effektiv

køyring, og totalt like over 18.5 timar på tur kan vi endeleg parkere. Vi har lagt bak oss 771 km totalt. Og vi er totalt og fullstendig utmatta.

Konklusjon / Du kan oppleve utruleg mykje av kva nabofylket Møre og Romsdal har å by på i løpet av ein dag med biling. Du kjem deg heilt til Kristiansund, der du kan nyte ein god fiskemiddag, samt at du fint rekk ein lunsj eller to på vegen. Og med fem ferjer på vegen opp rekk du fint å få ei svele eller tre også.

Og om du startar seinare på året enn oss, når vegen til Grotli er open, får du også med deg Geiranger.

Spørsmålet er om du må gjere det på ein dag, slik som oss? Svaret er nei. To dagar går fint, tre dagar er topp. Ein dag i kvar region: Sunnmøre, Nordmøre og Romsdal. Unn deg nokre dagar på reise hos vår sjarmerande, nordlege nabo. Han har mykje å by på for dei som tek seg enno litt meir tid enn oss.

er ikkje kalla opp etter gode, gamle Bjartmar Gjerde som han først lurte på. Bjartmar er den fire år gamle eldsteonen til eigar Jarl Nedal og dagleg leiar Quiren Van Oirschot. Sjølv huset restauranten har tilhald i, eit trønderlån, er flytta frå Malm i Trøndelag. Til saman tok det ekteparet to år med førebuande arbeid før dei opna. Den vesle restauranten har plass til 70 gjestar bak sine 160 år gamle lafta tømmerveggar.

Så i blinde hadde Fossen plukka ein fantastisk restaurant, som serverer klippfisk, bacalao, breiflabb, ytrefilet av okse og raudvinsmarinert lammeskank og mykje, mykje meir, som får vatnet til å renne når ein les menyen.

Fossen vart ikkje mindre utrøystelig når han fekk sjå kva han gjeikk glipp av. Neste gong vi skal nordover, skal vi i alle fall sikre oss at det er oppe på Bjartmars Favorittkro, for her skal vi ete ein dag. Ver du sikker!

Eit lite etterspel / Heldigvis får stort sett nysgjerrige journalistar svar på sine spørsmål. Ei runde med Google gjev svar på alle spørsmål Fossen hadde om Bjartmars Favorittkro. Den

Tekst / Roy Sunde
Foto / Roy Sunde og Tore Fossen



PIZZALAND